

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 19.06.2017

Vår ref.: 201207841-14

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Helen Nathalie Liebig-Andersen

22959895/hnll@nve.no

## KAMBO Energi AS – Søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk i Etne kommune i Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå KAMBO Energi AS, datert 15.6.2017, om løyve til å byggje Valdra kraftverk i Etne kommune.

Valdra kraftverk vil nytte eit fall på 275 meter i Valdraelva mellom inntaket på kote 325 og kraftstasjonen på kote 50. Vassvegen leggst i ein om lag 1400 m lang nedgrave røyrgate som skal krysse Valdraelva i bro på ca. kote 120. Det er planlagd å overføre vatn frå seks bekker fram til inntaket i Valdraelva; fire bekker på sørsida og to bekker nordvest for elva. Vatnet frå sørsida av elva er planlagd overført via ei totalt 1380 m lang nedgrave røyrgate, medan vatnet frå nordvestsida av Valdra skal overførast til inntaket dels i open kanal, dels via røyr i grøft. Total lengde på vassveg er berekna til om lag 170 meter. Det er behov for noko ny veg som tilkomst til inntak og oppgradering av eksisterande veg fram til kraftstasjonen.

Middelvassføringa i Valdraelva er 564 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på ca. 1550 l/s. Kraftverket vil i følgje søknaden produsere om lag 9,1 GWh i eit gjennomsnittleg år. Overføringane vil bidra med om lag 3,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein til saman ca. 3360 m lang strekning i Valdraelva og dei seks bekkene. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på høvesvis 20 l/s i Valdraelva og 2,3 l/s i den største bekken, Grense Jakobs elv, heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Valdra kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Etne kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på biblioteket i Skånevik og ved Etne Tinghus fram til **4.9.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**

Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **4.9.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Helen Nathalie Liebig-Andersen  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Orientering til høyringspartane

Kunngjering

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
ETNE ELEKTRISITETSLAG SA  
Etne JFF v/Jan Vinje  
Etne kommune  
Etne Turlag  
Forum for natur og friluftsliv Hordaland  
Friluftsrådet Vest  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Miljødirektoratet  
Naturvernforbundet i Hordaland  
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Padleforbund  
Skånevik Ølen Kraftlag SA  
Statens Vegvesen - region vest



Kopi til:

KAMBO Energi AS